



Kompendium dekningspunktanalyse

Innhald

Dekningspunkt (DP).....	1
Dekningsgrad (DG).....	2
Sikkerheitsmargin (SM).....	2
Følsemdsanalyse.....	2
Formlar	2

Dekningspunkt (DP)

Dekningspunktet viser kor mykje vi må selje for å tene pengar.

I dekningspunktet er:

- Sum inntekter = sum kostnader (nullpunktet)
- Overskot = 0
- Dekningsbidraget = faste kostnader

Alt sal over dekningspunkt gir overskot.

Føresetnader

Det er berre det nedre dekningspunktet som er interessant ved dekningspunktanalysar fordi føresetnadene for analysen er desse:

- Prisen er fast.
- Dei variable kostnadene er proporsjonale.

Det betyr at vi får lineære funksjonar (sjå grafisk framstilling).

Dekningspunkt i einingar: $DP_{\text{ein}} = \frac{\text{Faste totale kostnader (FTK)}}{\text{DB per eining}}$

Dekningspunkt i kroner: $DP_{\text{kr}} = \frac{\text{Faste totale kostnader (FTK)}}{\text{DG}}$

Dekningsbidrag per eining:

DB per eining = Salspris per eining (P) – Variable einingskostnader (VEK)

Totalt dekningsbidrag:

TDB = Sum totale inntekter (STI) – Variable totale kostnader (VTK)

Dekningsbidrag = Faste kostnader + Forteneste



Dekningsgrad (DG)

Dekningsgraden er dekningsbidraget rekna i prosent av salsinntekta og viser kor mange prosent av salsinntekta som er att til å dekkje faste kostnader og overskot.

$$\text{Dekningsgrad: DG} = \frac{\text{Totalt dekningsbidrag (TDB)} \times 100 \%}{\text{Sum totale inntekter (STI)}}$$

$$\text{Dekningsgrad: DG} = \frac{\text{DB per eining} \times 100 \%}{\text{Pris (P)}}$$

Sikkerheitsmargin (SM)

Sikkerheitsmarginen viser kor mykje salet kan gå ned i kroner, einingar eller prosent før bedrifta når dekningspunktet. Det vil seie kor mykje salet kan minke før bedrifta begynner å tape pengar (går med underskot).

Sikkerheitsmargin i kr: $SM_{kr} = \text{Sum totale inntekter (STI)} - \text{Dekningspunkt i kroner (DP}_{kr})$

Sum totale inntekter er verkelege eller planlagde salsinntekter.

Dekningspunkt i kroner er salsinntekta i dekningspunktet.

Sikkerheitsmargin i einingar: $SM_{ein} = \text{Sal i einingar} - \text{Dekningspunkt i einingar (DP}_{ein})$

Sal i einingar er verkeleg eller planlagd mengd.

Dekningspunkt i einingar er mengda i dekningspunktet.

$$\text{Sikkerheitsmargin i \% : } SM\%_{kr} = \frac{\text{Sikkerheitsmargin i kroner (SM i kr)} \times 100}{\text{Sum totale inntekter (STI)}} \%$$

$$\text{Sikkerheitsmargin i \% : } SM\%_{ein} = \frac{\text{Sikkerheitsmargin i einingar (SM i einingar)} \times 100}{\text{Sal i einingar}} \%$$

Sikkerheitsmarginen blir rekna ut for anten kroner eller einingar, svaret blir det same.

Følsemdsanalyse

Følsemdsanalysar er analysar av kva som skjer dersom pris, variable eller faste kostnader endrar seg. Vi endrar ein ting om gongen og finn ut kva som skjer med dekningsgrad, nullpunkt og sikkerheitsmargin.

Formlar

Formel 5.1	Dekningsbidrag per eining	DB per eining = Salspris per eining (P) – Variable einingskostnader (VEK)
Formel 5.2 (Formel 4.8)	Sum totale inntekter	STI = Salspris per eining (P) x Mengd (X)
Formel 5.3	Variable totale kostnader	VTK = Variable einingskostnader (VEK) x Mengd (X)
Formel 5.4	Totalt dekningsbidrag	TDB = DB per eining x Mengd (X)
Formel 5.5	Totalt dekningsbidrag	TDB = Sum totale inntekter (STI) – Variable totale kostnader (VTK)



Formel 5.6	Resultat (overskot/ underskot)	Resultat = Totalt dekningsbidrag (TDB) – Faste totale kostnader (FTK)
Formel 5.7	Dekningsgrad	$DG = \frac{DB \text{ per eining} \times 100 \%}{\text{Pris (P)}}$
Formel 5.8	Dekningsgrad	$DG = \frac{\text{Totalt dekningsbidrag (TDB)} \times 100 \%}{\text{Sum totale inntekter (STI)}}$
Formel 5.9	Dekningspunkt i einingar	$DP_{\text{ein}} = \frac{\text{Faste totale kostnader (FTK)}}{DB \text{ per eining}}$
Formel 5.10	Dekningspunkt i kroner	$DP_{\text{kr}} = \frac{\text{Faste totale kostnader (FTK)}}{DG}$
Formel 5.11	Sikkerheitsmargin i einingar	$SM_{\text{ein}} = \text{Sal i einingar} - \text{Dekningspunkt i einingar (DP}_{\text{ein}})$
Formel 5.12	Sikkerheitsmargin i kroner	$SM_{\text{kr}} = \text{Sum totale inntekter (STI)} - \text{Dekningspunkt i kroner (DP}_{\text{kr}})$
Formel 5.13	Sikkerheitsmargin i prosent (einingar)	$SM\%_{\text{ein}} = \frac{\text{Sikkerheitsmargin i einingar (SM i einingar)} \times 100}{\text{Sal i einingar}} \%$
Formel 5.14	Sikkerheitsmargin i prosent (kroner)	$SM\%_{\text{kr}} = \frac{\text{Sikkerheitsmargin i kroner (SM i kr)} \times 100}{\text{Sum totale inntekter (STI)}} \%$